

Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
003/25	Valstyret	15.05.2025

Sakshandsamar	Arkiv	Arkivsaksnr.
Camilla Norum Røyrvik	K1-011	24/1057

Tid og stad for utlegging av manntalet ved stortings- og sametingsvalet 2025

Kommunedirektøren si tilråding

Kommunedirektøren skal leggje papirmanntalet ut til offentlig ettersyn i ekspedisjonen ved kommunehuset så snart som praktisk råd etter 30.06.25. Kommunedirektøren kunngjer utlegginga på heimesida og facebookside til kommunen.

Valstyret - 003/25

VAL - vedtak:

Kommunedirektøren skal leggje papirmanntalet ut til offentlig ettersyn i ekspedisjonen ved kommunehuset så snart som praktisk råd etter 30.06.25. Kommunedirektøren kunngjer utlegginga på heimesida og facebookside til kommunen.

Samrøystes.

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m

Lov om val til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (vallova)

Forskrift om val til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (valforskrifta)

Saksopplysningar

Manntalet er klart, og vert utskrive 30.06.25 ("skjæringsdatoen"). Det er denne datoen som vert avgjerande for kva kommune ein vert manntalsført i. Manntalet skal leggjast ut snarast mogleg etter denne dato, og skal liggje ute til og med valdagen. Manntalet kan endrast heilt fram til valdagen, eller "så lenge det er praktisk mogleg". Valstyret må fastsetje kvar manntalet skal liggje ute. Tilrådinga ovanfor er i tråd med det som vart praktisert ved kommunestyre- og fylkestingsvalet 2023.

#velkomentilvik



Vurdering

Det er i høve valforskrifta § 1-5, 3. ledd høve til å leggja ut manntalet i papirformat eller elektronisk format. Dersom det skal leggjast ut i elektronisk format må det gjerast på ein slik måte at det ikkje er mogleg å endra manntalet, laste det ned eller på annan måte skaffe seg tilgong til det. Kommunedirektøren føreslår at ein berre legg ut manntalet i papirformat i ekspedisjonen på kommunehuset. Veljarane har høve til å ta kontakt på telefon eller e-post dersom dei vil sjekka om dei står oppført i manntalet. Det vert liggjande ute i eit så langt tidsrom at det er mogleg for dei fleste til å kontrollera manntalet viss det er ønskjeleg.

Det vert føreslege fylgjande:

Kommunedirektøren skal leggje papirmanntalet ut til offentleg ettersyn i ekspedisjonen ved kommunehuset så snart som praktisk råd etter 30.06.25. Kommunedirektøren kunngjer utlegginga på heimesida og facebookside til kommunen.

